



**Arkiv:** FA-A20, TI-&31  
**JournalpostID:** 23/5208  
**Saksbehandlar:** Bjørnar Midtbust  
**Dato:** 17.04.2023

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 19/23	Levekårsutvalet	25.04.2023
PS 33/23	Kommunestyret	15.05.2023

### Tilstandsrapport og kvalitetsmelding for grunnskolen 2022/23

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

1. Sykkylven kommunestyre tar Tilstandsrapport for grunnskolen 2022-2023 til vitande. Rapporten gir ei god oversikt over både status og resultat for Sykkylvsskolen på ulike område skuleåret 2022/2023.

2. Kommunestyret legg spesielt til grunn at skulane følger opp rapporten gjennom sitt arbeid med forebyggjande arbeid mot mobbing, og at arbeid med elevane sitt læringsmiljø fortsatt har høg prioritet. Det skal vere nulltoleranse mot mobbing i skulane i Sykkylven.

3. Kommunestyret ber om at denne tilstandsrapporten blir lagt fram for samarbeidsutvala og FAU på dei ulike skulane ved oppstart av nytt skuleår

#### Levekårsutvalet - 19/23

#### LK - behandling:

Otto Magne Strømmegjerde fekk permisjon frå kl. 18.35.

8 voterande.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### LK - Vedtak:

##### Tilråding frå levekårsutvalet

1. Sykkylven kommunestyre tar Tilstandsrapport for grunnskolen 2022-2023 til vitande. Rapporten gir ei god oversikt over både status og resultat for Sykkylvsskolen på ulike område skuleåret 2022/2023.

2. Kommunestyret legg spesielt til grunn at skulane følger opp rapporten gjennom sitt arbeid med forebyggjande arbeid mot mobbing, og at arbeid med elevane sitt læringsmiljø fortsatt har høg prioritet. Det skal vere nulltoleranse mot mobbing i skulane i Sykkylven.

3. Kommunestyret ber om at denne tilstandsrapporten blir lagt fram for samarbeidsutvala og FAU på dei ulike skulane ved oppstart av nytt skuleår

## **KST - behandling:**

Forslag frå AP: ekstra kulepunkt innan satsingsområde for grunnskulen i 2023/24: (side 5 i rapporten)

Kommunestyret ber kommunedirektøren om at kommunen set endå meir fokus på *alternative opplæringsarenaer* i dei komande åra, for å styrke tilpassa opplæring i grunnskulen. Intensjonen er at det skal bidra til auka motivasjon og interesse for læring, førebuing til arbeidslivet, auke mangfaldet og auke elevane sin sjølvstendigheit og ansvarlegheit.

Votering:

Samrøystes vedtak: Som levekårsutvalet si tilråding

Deretter vart tilleggsforslaget frå AP samrøystes vedteke.

## **KST - Vedtak:**

1. Sykkylven kommunestyre tar Tilstandsrapport for grunnskolen 2022-2023 til vitande. Rapporten gir ei god oversikt over både status og resultat for Sykkylvsskulen på ulike område skuleåret 2022/2023.
2. Kommunestyret legg spesielt til grunn at skulane følger opp rapporten gjennom sitt arbeid med forebyggjande arbeid mot mobbing, og at arbeid med elevane sitt læringsmiljø fortsatt har høg prioritet. Det skal vere nulltoleranse mot mobbing i skulane i Sykkylven.
3. Kommunestyret ber om at denne tilstandsrapporten blir lagt fram for samarbeidsutvala og FAU på dei ulike skulane ved oppstart av nytt skuleår
4. Ekstra kulepunkt under satsingsområde for grunnskulen i 2023/24 (s. 5): Kommunestyret ber kommunedirektøren om at kommunen set endå meir fokus på *alternative opplæringsarenaer* i dei komande åra, for å styrke tilpassa opplæring i grunnskulen. Intensjonen er at det skal bidra til auka motivasjon og interesse for læring, førebuing til arbeidslivet, auke mangfaldet og auke elevane sin sjølvstendigheit og ansvarlegheit.

## **Saksutgreiing**

### **Bakgrunn for saka**

I Meld. St. nr 31 2007 – 2008, «Kvalitet i skolen», pkt. 4.5.3 - Krav til årleg tilstandsrapport, heiter det innleiingsvis: «Det er viktig at de øverste styringsorganene i kommuner og fylkeskommuner har et bevisst og kunnskapsbasert forhold til den delen av grunnopplæringen som de er ansvarlig for, slik at de har mulighet til å følge opp utviklingen i denne sektoren på en god måte».

Målet med Tilstadesrapporten er å gje kommunen som skuleeigar betre forståing, innsikt og oversikt over sentrale område i det arbeidet som går føre seg i Sykkylvsskulen. Jfr. Opplæringslova §13-3e, skal skuleeigar årleg utarbeide ein rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa.

### **Saksopplysningar**

Denne tilstandsrapporten, som frå 2021 også blir kalla kvalitetsmelding, skal omhandle

læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, og den skal vere eit sentralt element i høve til det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet. Heimelsgrunnlaget er Opplæringslova §13-10 andre ledd.

I tillegg kan rapporten verte utvida med fagområde som leiinga meiner er formålstenleg ut i frå lokale behov. Rapporten skal handsamast av skuleeigar, dvs. kommunestyret.

Rapporten byggjer på opplysningar frå Statistikkbanken som er Utdanningsdirektoratet sin portal der all informasjon om skulane sine resultat vert lagra. Der er ikkje berre læringsresultat, men også anna informasjon om skulane som vert innmeldt gjennom den årlege GSI-rapporteringa. Vi har gjort eit utval frå Statistikkbanken, og presenterer det i den vedlagte Tilstandsrapporten.

### **Vurdering**

Tilstandsrapporten inngår i kvalitetsvurderingssystemet og målet er kvalitetsutvikling og læring i organisasjonen.

Skulane arbeider systematisk og godt på mange ulike område, og skuleleiinga forventar positiv utvikling over tid. Og sjølv om ein ser resultat av dette arbeidet, så vil det også vere svingingar mellom årskull og skular.

Det er også viktig å ta med seg dei statistiske utfordringane knytt til at Sykkylvsskulen er eit lite utvalsområde.

Kommunedirektøren viser elles til vurderingar og omtale i sjølve rapporten.

### **Økonomiske konsekvenser**

Ingen

Bente Glomset Vikhagen  
kommunedirektør

### **Vedlegg:**

Tilstandsrapport for grunnskolen - 2023 utkast